

Tømmerdrift på Kjærland i fleire veker

13.02.2014



Dette er maskinene som skal i sving i Kjærlandslia. Her er dei i Bringedalsbygda for eitpar veker sidan

Tømmerprisane er lovande og dei neste par vekene skal det hoggast mykje tømmer langs søre Kjærland skogsveg. Eigarane ber om at turgåarar ikkje parkerer slik at grinda og skogsvegen vert sperra. Stora maskinar skal flyttast på plass og ferdast langs skogsvegen. Det er særstakt viktig at privatbilar ikkje vert ståande i vegen for drifta.

Turfolk er sjølv sagt velkommen langs skogsvegen som vanleg, men det er viktig å halda god avstand til skogsmaskinane. Stien frå det gamle Kjærlandsverket og gjennom graanskogen vert truleg stengt ei stund på grunn av bar og virke. Men etter hogsten vert det rydda slik at ein kan ferdast der påny.

Eikås skogsdrift gjer arbeidet med hogstmaskin og lassberar Audun Lund Eik kjem med lassberaren for å køyra tømmeret ut av skogen i neste veke. I går felte Jarle Eikås dei fyste granane i Peratre, eit lite bestand mellom bygdavegen og elva.

Svingen i Leirholet får no mykje betre sikt for dei som ferdast langs Kjærlandssido. I dagane som kjem vil han arbeida seg eit stykke oppetter lia for å fella nokre hundre kubikkmeter hogstmoden lerk og gran, opplyser Anbjørn Høivik og Margun Eik.

Tekst og foto: Anbjørn Høivik, Margun Eik og Ola Matti Mathisen

NETT: Ola Matti Mathisen